



Type møte: Etne kyrkjelege fellesråd	Oppmøte: Møterom Etne kyrkjekontor
Dato: Tirsdag 03.september 2024 kl.19.00	

Frammøtte:

Gerd Ingunn Opdal	Leiar
Reidar Leknes	nestleiar
Ole Vidar Melkeraaen	repr. Skånevik
Kjell Ingvald Matre	repr. Etne
Kenneth Karslen	Kommunelrepresentant
Kari Vik Stuhau	Geistleg representant
Aud Jorunn Baustad	Kyrkjeverje

Opning Aud Jorunn**SAKER:**

- Sak 26/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**
Vedtak
Innkallinga og saklista vart godkjend med tillegg av to orienteringssaker.
- Sak 27/24 Oppfølging av referat frå 14.mai**
Ingen merknadar
- Sak 28/24 Rekneskapsoversikt 2024**
Sjå vedlagt økonomirapport og rekneskapsoversikt.
I «økonomisk rapport juli» er ikkje ekstra tilskot frå kommunen på 3mill ført som inntekt (det var ført på investering). No er det ført inn i driftsrekneskapen, og viser i rekneskapsoversikta.
Vedtak
Fellesrådet tek rekneskapen til følgje.
- Sak 29/24 Vedlikehald Vassendvegen**
Vedlikehald av Vassendvegen er fordelt på grunneigarane. Det er difor kome spørsmål om kyrkja kan vera med å dekkja dette vedlikehaldet.
Sjå eiga saksutgreiing.
Vedtak
Fellesrådet tek kontakt med Etne kommune og viser til tenesteytingsavtalen pkt 9. Me svarar grunneigarar at me tek saka vidare med kommunen.



Sak 30/24 Forsikringane til kyrkja - Reduksjon for Gjerde og Grindheim

I dag er alle kyrkjer, bårhus og inventar i kyrkjene i kommunen fullverdi forsikra gjennom KLP. Eigenandelen er kr 50.000 pr bygg. Kyrkja betalar totalt om lag kr. 180.000 pr år i forsikringar. Etne kyrkjelege fellesråd arbeider kontinuerleg med å redusere driftskostnader og auke inntekter mest mogeleg. Det er bakgrunnen for denne saka som vedkjem forsikringsavtalar for kyrkjene.

Sjå eige saksframlegg. Sjå også orienteringssak 25/24f.

Oppsummering Teamsmøte med Waco 3.sept.:

Dei siste åra har me hatt forsikring i KLP. For 2025 er det varsla ein auke på 70%, dvs auke frå 181' til 308' i forsikringspremie i året. Ved å bytta frå KLP til KNIF på eigedom og arbeidsmaskinar blir forsikringspremien kr. 250' årleg. KNIF gir også kundeutbytte. Sist år var det på 15%.

Nokre moment for forhandling/avklaring:

- 1. Er det lynavleiar på kyrkjene Etne, Fjæra og Frette?*
- 2. Kan ein få meir reduksjon pga sløkkeanlegg i Stødle?*
- 3. Brannalarmanlegg i Gjerde må takast med.*
- 4. Ved auka eigenandel frå 50-100' kan ein spare 7000 i årleg premie.*
- 5. Termografering – kan redusera premie*

Vedtak

Etne kyrkjelege fellesråd finn å måtte redusere forsikringsavtalane for Gjerde og Grindheim kyrkjer. Dette inneber at erstatninga frå forsikringsselskapet ved ev skade vert avgrensa til forsikringssummen som står i forsikringsavtalen, og desse kyrkjene er ikkje fullverdiforsikra.

Etne kommune er munnleg og skriftleg orientert om saka og konklusjonen. Kyrkjeleverja arbeider vidare saman med Waco for å finna fleire måtar å redusert forsikringskostnaden på.

Sak 31/24 Førespurnad om framlegg til kandidatar til KA sitt landsråd

Det skal veljast fem utsendingar frå Bjørgvin bispedøme. Frist for å komma med forslag til kandidatar til KA sitt landsråd er 15.sept. Sjå vedlagt skriv.

Vedtak

Etne kyrkjelege fellesråd foreslår Gerd Ingunn Opdal som kandidat.

Sak 32/24 Orienteringssaker

a. Referat frå sokneråda

- I. Etne sokneråd.**
 - i. Behov for ekstra ressurs til konfirmantarbeidet.**
- II. Skånevik sokneråd.**



b. Personalsituasjonen –

- I. Kyrkjegard – Oleksandr Zaviolov gjer ein svært god jobb både på kyrkjegardar og med maling på Stødle kyrkje.
- II. Kyrkjetenar – Lilli Tjelmeland er tilsett som kyrkjetenar i Etne

c. Brev til kommunen sendt i juni

- I. Vedk. endring av forsikringar av kyrkjer i Etne kommune
- II. Sletting av graver – behov for praktisk bistand frå kommunen
- III. Vedk budsjett 2025 og økonomiplan 2025-28 – EKF

d. Hjartestartar

Sjå vedlagt utgreiing

Konklusjon:

I akutte situasjonar må vi bruke naudnummera og få hjelp frå EBR/ambulanse. Dette i tillegg til hjartestartarar i nærleiken av kyrkjene. Fellestrådet arbeider såleis ikkje vidare med sikte på å skaffe eigne hjartestartarar til kyrkjene.

e. Organisasjonsutvikling – brev frå Vindafjord fellestråd

Sjå vedlegg

Saka vert tatt opp som sak med eige saksnummer og vedtak.

f. Ny høyring av kommuneplanen sin arealdel – svar frå Bjørgvin bispedøme

Sjå vedlegg. Ingen merknad.

g. Moment å merka seg i ny plan:

- I. 00KPA føresegnar og retningslinjer 130624: 2.1.1 Unntak frå krav om plan
Mindre utvidingar av eksisterande gravplassar når alternative plasseringar er vurdert og ikkje funne mogeleg. Det skal leggjast fram dokumentasjon på at alternativ plassering og utnytting av eksisterande areal er vurdert.
- II. Gravplassar har fått ein eigen farge i kart

Sak 33/24 Organisasjonsutvikling – brev frå Vindafjord fellestråd

Sjå vedlegg

Saka vert tatt opp som sak med eige saksnummer og vedtak.

Det var drøfting både for og mot å gå inn i prosessen med organisasjonsutvikling. Det vart også stilt spørsmål til korleis dette vil fungera når Etne høyrer til eit anna prosti og bispedøme.

Vedtak

Etne kyrkjelege fellestråd ynskjer saman med Tysvær og Vindafjord og evt. Bokn å søkja om midlar til organisasjonsutvikling og stiller seg bak prosjektskissa. Tildelte prosjektmidlar er ein føresetnad for å delta.



DEN NORSKE KYRKJA

Etne kyrkjelege fellesråd

MØTEBOK 03.09.2023

Kyrjekontoret i Etne, den 04.09.2024

Gerd Ingunn Opdal

Leiar

Aud Jorunn Baustad

Kyrkjeverje